



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: **25. september 2014**

Stad: Meland kommunehus – formannskapsalen

Kl.: 08.30 – 10.00

Tilstades: Marie Morken (leiar), Øystein Blom (nestleiar), Beate Eknes, Asbjørn Larsen

Innkalla: Rådmann til sakene 21/14, 23/14 og 24/14

Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik

Sekretær: Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss

Forfall: Jarle Vikebø – vara var kalla inn

18/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

19/14 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 23.04.14 vart godkjent.

20/14 Skriv og meldingar

- KOSTRA notat
- Kommunebarometeret notat
- Sluttrapport investeringsprosjekt nr 629 Vassleidning Fløksand – Vikebø – kommunestyresak 31/2014

Samrøystes vedtak:

Skriv og meldingar vart tekne til orientering.

21/14 Oppfølging av revisjonsrapport nr 11 - administrasjon gir ein status for korleis dei ulike punkta er følgt opp

Sakstilfang: Revisjonsrapport nr 11.

I rapporten er der peika på nokre område som administrasjon bør følgje opp:

- Anleggsmidlar sjølvkostområdet bør bli lagt inn i kommunerekneskapen sin anleggsmodul
Administrasjon opplyste om at det vil bli gjennomført i november.
- Bankkontoar utanom rekneskapen
Kommunen er eigar av nokre bankkontoar som ikkje inngår i kommunerekneskapen, noko dei bør.
Administrasjon opplyste om at dei vil bli innarbeida i rekneskapen.

- Aksjefond
Plassering i fond har ein høgare risiko enn bankinnskot. Kommunen må vurdere om ein har tilstrekkeleg eigenkapital til å forsvare risikoen.
Administrasjon opplyste om at midlane framleis er i aksjefond, er til vurdering.
- Kreditnota – dokumentere årsak
Administrasjon opplyste om at det vil bli innarbeida betre rutinar.
- Kapitalkonto – avvik
Administrasjon opplyste om at det vil bli sett på i samband med årsrekneskapen for 2014.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok administrasjon sin orientering til etterretning. Når ein skal vurdere om ein framleis kan ha midlane i aksjefond så må det vurderast opp i mot regelverket.

22/14 Prosjektrekneskap Meland sjukeheim

Saksvedlegg: Prosjektrekneskap og revisors melding til prosjektrekneskapen

Prosjektet har ein total kostnad på kr 33.962.050,-. Det er litt lågare enn budsjettet. Statlege tilskott utgjer 10,1 mill kr, 2,2 mill kr høgare enn budsjettet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek prosjektrekneskapen og revisjonen sin uttale til orientering. Rekneskapen bør også leggast fram for kommunestyret.

23/14 Orientering om kommunen sitt reglement for økonomiske internkontroll og finansreglement og adm sin oppfølging av revisjonsrapport om økonomisk internkontroll

Når kontrollutvalet i sak 16/11 handsama forvaltningsrevisjonsrapporten om «Økonomisk internkontroll» så slutta kontrollutvalet seg til revisjonen sine tilrådingar. Det gjorde også kommunestyret.

Revisjonens tilrådingar:

- c. *Meland kommune bør prioritere arbeidet med å etablere eit økonomisk internkontrollsysteem, basert på risikovurderinga, og tilpassa kommunen sin eigenart. Ansvaret for dette arbeidet ligg hos rådmannen.*
- b. *Det økonomiske internkontrollsysteemet bør formaliserast t.d. gjennom skriffilege rutinar, avklaring av roller og ansvar og tilfredsstillande dokumentasjonsrutinar.*
- c. *Arbeidet med å etablere eit økonomisk internkontrollsysteem bør forankrast både i leiinga og i organisasjonen forøvrig, og det bør etablerast rutinar som sikrar at systemet vert følt opp og halde vedlike.”*

Administrasjon gjorde greie for korleis dette var følgt opp:

- Arbeidet med økonomisk internkontroll er ikkje fullført. Det vart lagt fram eit notat som gav ein status for arbeidet, utarbeida av økonomisjefen 22.09.14.
- Det vil bli jobba vidare med dette framover og arbeidet med å få etablert økonomisk internkontroll vil bli prioritert

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning. Kontrollutvalet ønskjer å følgje opp saka i 2015.

24/14 Vedlikehald av kommunale bygg – oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – administrasjon gir ein status for korleis rapporten er følgt opp

Når kontrollutvalet i sak 37/10 handsama forvaltningsrevisjonsrapporten om «Vedlikhehald av kommunale bygg» så slutta kontrollutvalet seg til revisjonen sine tilrådingar.

Revisjonens tilrådingar:

- *Meland kommune bør formulere politiske målsettingar for eigedomforvaltninga, og etablere rapporteringsrutinar som gir god styringsinformasjon.*
- *Administrasjonen bør systematisere planlegging og styring av vedlikehaldstenesta, og i større grad nytte tilstandsandsrapportar og nøkkeltall som utgangspunkt for prioritering av ressursar.*
- *Gjennomgangen av kommunen sin ressursbruk knytt til vedlikehald, tyder på at kommunen har lågare ressursbruk til vedlikehald av dei kommunale bygga, enn dei tilrådde normtala for godt, verdibevarande vedlikehald. Det bør danne utgangspunkt for ei undersøking av den faktiske tilstanden på dei kommunale bygga i kommunen, som i sin tur kan danne grunnlag for nærmare vurdering av årsakene til evt. manglande vedlikehald.*
- *Administrasjonen bør vurdere behovet for revisjon av eksisterande internkontrollsysteem, for å sikre at dei dekkjer dei risikoane og utfordringane som pregar drifts- og vedlikehaldssektoren.*

Administrasjon gav ein orientering om status for oppfølginga

- Det er vedteke politiske mål for vedlikehald
- Vedlikehaldsplan har vore laga kvart år med unntak for 2013 da det ikkje var midlar til vedlikehald i budsjettet.
- Det er ein rapportering som seier kva som er gjort i høve til plan

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.

25/14 Brev til kontrollutvalet frå Helga M.V Lilleskare og Knut A. Lilleskare 09.09.14

Lilleskare ber i brev 09.09.14 om at kontrollutvalet ser på om kommunestyrevedtak 16.06.10 er fulgt opp.

Kontrollutvalet mottok også eit brev frå Lilleskare 27.11.12 som vart handsama av kontrollutvalet i sak 06/13. Kontrollutvalet gjorde 04.02.13 da følgjande vedtak.

Vedtak mot ei røyst – Asbjørn Larsen (sak 06/13):

Kontrollutvalet vurderer det slik at kommunestyret sitt vedtak i sak 047/10 er følgt opp av Askøy kommune etter fullmakt frå Meland kommunestyre.

Kontrollutvalet kan heller ikkje sjå at kontaktperson til Meland kommune har gitt nokon feilaktig informasjon til Askøy kommune, med bakgrunn i den skriftelege korrespondansen som har vore mellom Askøy og Meland kommune i denne saka. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at der er noko nytt i brevet som er datert 09.09.14.

I brevet frå Lilleskare 09.09.14 står der følgjande:

Avdelingen har også mottatt 2 stk purringer fra Fylkesmannen om å behandle saken etter § 32 i plbl. Dette er heller ikke fulgt opp.

Vedtak mot ei røyst – Asbjørn Larsen:

Kontrollutvalet viser til kontrollutvalet sitt vedtak i sak 06/13. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet undersøker om to stk purringer frå Fylkesmannen som vist til i brev frå Lilleskare var kjent ved førre handsaming av saka.

Dersom det er nye opplysningar i saka som ikkje var kjent for kontrollutvalet ved handsaming av sak 06/13 i møte 04.02.13 så vert saka tatt opp til handsaming i neste møte.

26/14 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknad.

27/14 Eventuelt

Ingen saker under eventuelt.

Neste møte i kontrollutvalet vart flytta frå 26.11.14 til 28.11.14 kl 08.30.

Frekhaug, 25. september 2014


Marie Morken/leiar


Bent Gunnar Næss/sekretær